

Albumin i urin

Bakgrunn

Omkring 1g albumin blir kvart døgn filtrert gjennom glomeruli i nyrene. Det aller meste blir normalt teke opp og nedbrote av cellene i nyretubuli, slik at u-albumin vanlegvis er under 25 mg/L. Proteinfeltet på vanlege urinstrimlar påviser hovudsakleg albumin, og er ein semikvantitativ test. Sjå også døgnurin-protein og u-albumin.

Indikasjonar

Rutinetest ved utgreiing av nyre- og urinvegslidingar.

Prøvemateriale



10 mL frisk og godt blanda urin, fortrinnsvis morgonurin. Urinen skal oppbevarast i ein rein behaldar fri for reingjeringsmiddel.

Referanseområde

< 6 mg/L

Tolkingar

Positiv test kan sjåast ved ein rekke tilstandar, som kan klassifiserast i tre grupper: prerenale (feber, hjertesvikt, nyrevenetrombose, ortostatisk proteinuri), renale (ei lang rekke nyresjukdommar) og postrenale (for eksempel urinvegsinfeksjonar og blødingar i urinvegane).

Feilkjelde: Falskt positivt resultat kan sjåast ved restar av desinfeksjonsmiddel i prøvetakingsglaset. Testen kan og bli falskt positiv ved eller etter infusjon av polyvinylpyrroliden (bloderstatningsmiddel). Det same kan ein sjå i sterkt alkalisk urin.